



Barentshavet – kaldare enn i fjor. Kva betyr det?

Nokre smakebitar frå rapporten 'Havets ressurser og miljø 2009'

Harald Gjøsæter

Nokre beintfram tankar:



Er det sant? Er Barentshavet vorte kaldare?



Om så er, er det så mykje kaldare at det er grunn til å tru at dette vil ha nokon effekt?



Om så er, kva er årsaka?



Om så er, betyr kva for kven?




Eg skal koma inn på alle desse spørsmåla, sjølv om eg, som stolt hovudredaktør for "Havets ressurser og miljø 2009" også vil presentera litt av alt det andre som også står i rapporten



Joda, det er blitt kaldare



Men berre litt...




For å sitera frå "Havets ressurser og miljø 2009": "2008 var et varmt år i Barentshavet, men sett under ett var det noe kaldere enn året før"



Altså litt kaldare enn i 2007, men...

 framleis er temperaturen i Barentshavet svært høg samanlikna med "normalen"

 I vest var det ca 0.5°C varmare og i aust $1.0\text{-}1.5^{\circ}\text{C}$ varmare enn normalt



Altså litt kaldare enn i 2007, men...



Er det grunn til å tru at ein så liten endring får konsekvensar for livet i havet?



Ja og nei. Det kjem an på kva som er årsaka til at det er blitt kaldare.



Temperaturen i Barentshavet er hovudsakleg styrt av to faktorar; varmen i vatnet som strøymer inn frå Norskehavet, og kor mykje av dette vatnet som strøymer inn



Men kvifor er årsaka til temperaturendringa viktig for å vurdera verknadane?



Ja, kvifor er årsaka til avkjøling (eller oppvarming) viktig?

-  Det er fordi nokre verknader er direkte kopla til temperaturen
-  utbreiing og vekst
-  medan andre er indirekte kopla til temperaturen (men direkte kopla til innstrøyminga av vatn)
-  mengda av næringsstoff
-  mengda av dyreplankton
-  og difor også: vekst og rekruttering hos t.d. fisk

Ja, kvifor er årsaka til avkjøling (eller oppvarming) viktig?

- ━ Det er altså viktig å vita kva endringane skuldast, ja faktisk også, dersom det er innstrøyming av vatn som er viktigast; når på året dette hovudsakleg har skjedd
- ━ stor innstrøyming om vinteren kan nok heva temperaturen i Barentshavet, men gjev ikkje noko tilskot av dyreplankton
- ━ stor innstrøyming andre tider på året vil både heva temperaturen og bringa meir plankton inn

Og kva var så årsaka i 2008?



For å sitera rapporten igjen:

”...moderat om vinteren og deretter med et kraftig fall utover våren. Tidlig på sommeren 2008 var vanntransporten omrent som gjennomsnittet.”

Og kva var så årsaka i 2008?



Av dette kan vi kanskje slutta at hovudgrunnen til den vesle nedgangen vi har sett i temperaturen i 2008 skuldast låg aktivitet i innstrøyminga av vatn frå Norskehavet



Og då er tida inne for å våga det store spranget, og gje eit slags svar på spørsmålet stilt i tittelen til denne innleiinga:



Og svaret er...

-  Ein så liten nedgang i temperatur vil neppe ha nokon direkte effekt på utbreiing og vekst
-  Særleg sidan temperaturen trass i alt framleis er høg samanlikna med kva han er normalt
-  men dersom avkjølinga held fram nokre år, slik det er spådd frå ymse hald, kan det medføra merkbare endringar etter kvart



Og svaret er...



Sidan innstrøyminga var låg om våren, er det grunn til å tru at det kom mindre plankton inn i Barentshavet frå Norskehavet, og dette kan i neste omgang ha negative effektar på vekst og rekruttering hos fisk

Litt om årets rapport ”Havets ressurser og miljø 2009”



Redaksjon:



Harald Gjøsæter



Are Dommasnes



Tone Falkenhaug



Marie Hauge



Edda Johannessen



Erik Olsen



Øystein Skagseth

Litt om årets rapport ”Havets ressurser og miljø 2009”

-  Bidrag frå om lag 60 forfattarar, dei aller fleste frå Havforskingsinstituttet
-  Omtale av om lag 40 ulike bestandar av krepsdyr, fisk og sjøpattedyr
-  Omtale av havklima, primær- og sekundærproduksjon, forureining, botndyrsamfunn, og heile økosystem
-  9 temaartiklar og bakgrunnsinformasjon



Kva finn vi i årets rapport?



Nokre smakebitar frå ulike delar av rapporten, først

Barentshavet



Lite forureina



Varmt



Mindre dyreplankton



Fisk



Aukande loddebestand, minkande kolmulebestand, minkande ungsildbestand, stabilt stor polartorskbestand



Aukande torskebestand, aukande hysebestand, langt aukande blåkveitebestand, stor rekebestand



Norskehavet



Lite forureina



Normale temperaturar



Mindre dyreplankton



Fisk: Stabil og stor sildebestand, raskt minkande kolmulebestand, makrellbestanden relativt god men for hardt beskatta, seibestanden bra men i minking, med djupvassfisk står det dårlig til

Nordsjøen



Lite forureina



Varmt



Nedgang i mengda av dyreplankton



Fisk:



Dårlig med tobis, torsk og augepål



Nedgang for sild



Sei- og hysebestanden bra



Temaartiklar



På tokt ved polarfronten



Femti år med norsk-russisk
samarbeid



MAREANO – Havlandskap og
naturtyper utenfor Lofoten og
Vesterålen



Ny kunnskap om samspelet mellom
lodde, sild og torsk



Nytt forvaltningssystem for ishavssel



Temaartiklar



Når havet blir surere



Fra Lofoten til Barentshavet på 80 dager, en fiskelarves forunderlige reise



Dyphavsstrømmer kartlagt med høyteknologisk utstyr



Helhetlig forvaltningsplan for Norskehavet



Når havet vert surare



Omtrent tredjeparten av all CO₂ vi har tilført atmosfæren dei siste 200 åra har løyst seg opp i havet



Sidan CO₂ vert til ei syre når gassen vert løyst opp i vatn, er dei øvste vasslagene i ferd med å verta surare



I sjøen er det ei kjemisk likevekt der vatnet i dag er overmetta med kalk, men dersom tilførsla av CO₂ held fram som no, vil dette kunna endra seg, og vatnet vil snøgt bli surare



Når havet vert surare



Og kva hender då?



Sjølv om dei kjemiske prosessane er godt forstått, har vi manglande kunnskapar om kva som vil skje med økosystema i havet



Men det er grunn til å tru at dette vil påvirka fysiologiske prosessar hos mange organismar



Mest utsett er organismar med kalkskal



Når havet vert surare



Det er mange organismar i sjøen som har kalkskal. Ikkje berre skjell, krabbar, korallar etc., men mange organismar som utgjer plante- og dyreplanktonet



Desse kalkstrukturane vil ikkje kunna dannast dersom havet vert surt, men vil løysa seg opp



Når havet vert surare



Dersom alle organismar med slike kalkskal vert råka på denne måten, vil det få fundamentale konsekvensar for den viktige primær- og sekundærproduksjonen i havet, som i neste omgang også vil råka organismane høgare oppe i næringsnettet



Når havet vert surare



Men det kan også henda at forsuringa vil ha direkte påverknad på t.d. egg- og larveutvikling hos fisk



I det heile er det svært mykje vi ikkje veit om dette fenomenet, men no vert det sett i gang forsking, både internasjonalt og i Noreg, for å finna ut meir om kva som kan skje dersom forsuringa held fram



Lodde, sild og torsk



Ved å studera årsakene til, og effektane av, den første loddekollapsen midt på 1980-talet danna vi oss eit bilet av at dette var enkle prosessar:



Årsaka til god rekruttering av torsk og sild var høg temperatur



Årsaka til svikt i lodderekrutteringa var god rekruttering av sild til Barentshavet



Verknaden av eit loddekollaps var nærast katastrofal for alle som har lodde som viktig mat, som torsk, sel og sjøfugl



Lodde, sild og torsk



Ettersom lodda har kollapsa endå to gonger etter dette, har vi fått mykje meir data både på årsak og verknad, og vi har hatt betre tid på oss til å studera det som har hendt i detalj




No byrjar det å festa seg eit inntrykk av at ikkje alt er så enkelt som vi først trudde




Lodde, sild og torsk

Biomasse av lodde og ungsild i Barentshavet



Lodde, sild og torsk



Det var alt, takk for meg

